

Nærngstomt og gangveg ved AFA

31.03.2011



På utsiden av AFA blir det gang- og sykkelveg, med ein vakker mur bak. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**11. april startar Sverre Myklebust Maskinstasjon planeringa av det 1,5 dekar store arealet som AFA kjøpte av Tor Eik på Endregård sist sommar.
Det skal nyttast som produksjonsområde av verksemda,
men det stoppar ikkje med det..
Dagleg leiari Tor Vidar Sæle håpar å kombinera det med
opparbeiding av 100 meter gang- og sykkelveg langs fylkesvegen.
Mellom veggen og AFA-området skal det lagast ein
natursteinmur som Sæle håpar vil bli eit smykke i bygda!**

Statens vegvesen har hatt overingeniør Per Steinar Nedkvitne på synfaring og han var svært begeistra over at ei verksemd på denne måten vil gje eit prosjekt til bygda.

Gang- og sykkelbana, som vil slutta ved oppkøyringa til Endregård, vil kosta 370.000 kroner av ein samla sum på tett oppunder 900.000 kroner.
Sæle reknar med at jobben vil vera gjort i slutten av mai.

Prosjektet vil bli ramma inn også på oppsida, truleg også der av ein mur av naturstein. Den blir ein støttemur mot massane i bakkant av det planerte området.

- Hvis ikkje vi opparbeider denne biten med gang- og sykkelveg blir prosjektet aldri gjennomført, seier Sæle, som er oppteken av å gje sentrum i bygda eit estetisk og trafikkmessig løft.

Av Ola Matti Mathisen



Dette er området som skal planerast og gangbana med mur skal førast fram til vegen i fognrunnen. (Foto: Ola Matti Mathisen)